



Arkivnr: 2018/12994-13

Saksbehandlar: Eva Vinjevoll

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		28.05.2019

Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar 2019**Samandrag**

Fylkeskommunen ønskjer at alle kommunar i Hordaland skal ha ein oppdatert trafikksikringsplan der det kjem fram kva for utfordringar kommunane har på trafikksikringsområdet. Planen skal innehalde konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikantretta tiltak.

Trafikksikringsplanar er difor eit godt verkty for kommunane. Fylkestrafikksikringsutvalet vedtok difor i PS 18/2019 «Budsjett for fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i Hordaland 2019» å setje av 525 000 kr til denne tilskotsordninga.

Til fristen 8.mai 2019 kom det inn fire søknader, med ein samla søknadssum på 772 500 kr. Dei fire søkjarkommunane er Vaksdal kommune, Kvam herad, Bømlo kommune og Voss kommune på vegne av Nye Voss herad.

Økonomi: Tilskotsmidlane er henta frå budsjetterte midlar disponert av fylkestrafikksikringsutvalet

Klima: Ingen direkte effekt på klima, men trafikktryggleik kan auke konkurransekrafta til gange og sykkel

Folkehelse: Ingen direkte effekt på folkehelse, men trafikktryggleik kan auke konkurransekrafta til gange og sykkel

Regional planstrategi: Satsing på trafikktryggleik er viktig for å utvikle attraktive nærmiljø og regionsenter i fylket, og for å styrke konkurransekrafta til gange og sykling som klimavenlege transportformer

Forslag til vedtak

Fylkesrådmannen innstiller på følgjande tilskot

1. Vaksdal kommune får tildelt tilskot på kr. 175 000 til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan
2. Kvam herad får tildelt tilskot på kr. 22 500 til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan
3. Bømlo kommune får tildelt tilskot på kr. 175 000 til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan
4. Voss kommune får på vegne av Nye Voss herad tildelt tilskot på kr. 152 500 til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 10.05.2019

Bakgrunn

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) delar kvart år ut midlar til utarbeiding av trafikksikringsplanar i kommunane. I FTU sitt budsjett for 2019 vart det sett av 525 000 kr til tilskotsordninga. Kommunale trafikksikringsplanar er viktige når fylkeskommunen skal prioritere trafikksikringstiltak, både gjennom ordinære budsjett og tilskotsordninga.

Tilskotet kan gå til utgifter som kommunane har til utarbeiding av planen, men skal ikkje gå til administrative kostnader og driftsutgifter. Fylkeskommunen er høyringspart for planen, og kommunen må sende ferdig plan til Hordaland fylkeskommune.

Om søknadane

Til søknadsfristen 8.mai kom det inn fire søknader om tilskot. Søkjane er Vaksdal kommune, Kvam herad, Bømlo kommune og Voss kommune på vegne av Nye Voss herad. Søknadssummane er på høvesvis 250 000 kr, 22 500 kr, 250 000 kr og 200 000 kr.

Vaksdal kommune vart godkjent som Trafikksikker kommune i 2016, og er no inne i ein prosess som skal ende i ei regodkjenning. I forbindelse med regodkjenninga skal dei også oppdatere den gjeldande trafikksikringsplanen som er gjeldande ut 2019. Ein del av regodkjenninga er å oppdatere trafikksikringsplanen. Dei har satt ned ei prosjektgruppe beståande av dei ulike etatane i kommunen. Dei søker om midlar som dekker arbeidstimar for prosjektgruppa, konsulent for fagbidrag og samarbeidsprosesser. **Søknadssum: 250 000 kr**

Kvam herad har starta prosessen med rullering av gjeldande plan. Denne planen rullerast for fjerde gang og vart først vedtatt for perioden 2001 – 2004, siste rullering varte frå 2016 - 2019. Kvam har allereie opparbeida ei tverrfagleg prosjektgruppe, og har ein intern prosjektleiar. Prosjektgruppa består av både interne og eksterne aktørar. Kvam søker midlar til annonsering og kunngjering i avis, møte i prosjektgruppa og transport ved synfaringar. **Søknadssum: 22 500 kr**

Bømlo kommune skal revidere sin eksisterande plan. Bømlo kommune har stort fokus på trafikksikkerhet, og legg opp til ein plan som har fokus på både det trafikantretta arbeidet i kommunen, samt fysiske tiltak. Bømlo skal opprette ei tverrfagleg arbeidsgruppe med representantar frå dei fleste etatar i kommunen. Dei ventar å bruke 392 000 kr på utarbeiding av planen, det skal gå til konsulentbistand, prosjektleiar, trykking av plan, transport på synfaring og annonsering. **Søknadssum: 250 000 kr**

Voss kommune på vegne av Nye Voss herad (Voss, Granvin og del av Ullensvang). Både Voss og Granvin har trafikksikringsplanar som gjekk ut i 2015, medan Ullensvang sin plan gjekk ut i 2012. I forbindelse med kommunenesamanslåinga er det behov for samanstilling av trafikksituasjonen og ein ny trafikksikringsplan. Dei har eit budsjett på 299 800 kr som går til arbeid med gjennomgang, samanstilling og kartlegging av tidlegare planer og kritiske punkt, konsulentbistand, møte og synfaringar med prosjektgruppe og trykking. **Søknadssum 200 000 kr**

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Vaksdal kommune har over ei lang periode jobba godt med trafikksikringsarbeidet. I søknaden skriv dei at det er viktig å få på plass trafikksikringsplanen for å kunne bli regodkjent som Trafikksikker kommune. Fylkesrådmannen synes det er positivt at Vaksdal set av interne ressursar til dette arbeidet, då det sikrar god kjennskap og forankring av trafikksikringsplanen. Vaksdal kommune har ikkje lagt opp til nokon eigenandel i sitt arbeid og blir difor trekt ned noko meir enn andre kommunar som har lagt opp til ein relativt stor eigenandel. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 175 000 kr

Kvam herad verkar å vere godt i gang med arbeidet med ny trafikksikringsplan. Fylkesrådmannen ser det som positivt at Kvam byrja arbeidet med rullering i god tid før noverande plan går ut, då det sikrar godt og kontinuerlig arbeid med trafikksikkerhet. Det er også positivt at prosjektgruppa består av både interne og

eksterne resursar, men at prosjektleiar er intern i heradet, då sikrar ein god forankring og inngåande kjennskap til innhaldet og vurderingar som er gjort. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 22 500 kr.

Bømlo kommune har vist over lengre tid at dei tek trafikksikkerheit på alvor. Kommunen er godkjent som Trafikksikker kommune og har stort fokus på å involvere alle innbyggjarane i kommunen i utarbeidninga av trafikksikkerheitsplanar. Bømlo har dei høgaste konsulentkostnadane av alle søkjarane, og blir difor trekt noko meir enn andre. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 175 000 kr.

Voss kommune på vegne av Nye Voss herad får særleg ros for å prioritere dette arbeidet midt oppe i ein samanslåingsprosess. Fylkesrådmannen set pris på at dei ser viktigheita av arbeidet med trafikksikring. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 152 500 kr.